

**«Eg takkar han som gjorde meg sterk,
Kristus Jesus, vår Herre, fordi han synte
meg tillit og sette meg til tenesta.»
(1.Tim.1,12.)**

**Prestefellesskapen
PRO✘ECCLESIA
KONSTITUSJON(2009)**

1. Prestefellesskapen **PRO ✘ECCLESIA (P✘E)** vart reorganisert 2009 i kontinuitet med det tidlegare **P✘E**, og høyrer inn under den økumeniske Bøne- og arbeidsfellesskapen Kyrkjeleg Fornying.
2. Basis for **P✘E** er Den Heilage Skriften, dei gamalkyrkjelege og reformatoriske vedkjenningane, og dokumentet "Kirkens Grunn".
3. **P✘E** sluttar seg til Basisdokumentet(Konstitusjonen) for Bønne- og arbeidsfellesskapet Kirkelig Fornyelse og vil arbeide for det føremålet som er uttrykt i Erklæring og tilleggserklæringar om Kirkelig Fornyelse av 1969-2000, og "Fråsegn om Det Heilage Ekteskapet" av 1997.
4. Fedre og brør i **P✘E** står i ein augustinsk spiritualitet, i tradisjonen frå den udelte kyrkja, og St.Olav. **P✘E** har ein visjon om *ei* udelte, katolsk kyrkje i Noreg, og samhald mellom katolsk orienterte prestar i inn-og utland. **P✘E** vil óg elska, hjelpa og støtta alle som i ord og lydnad vedkjenner at "*Jesus er Herre!*"(1.Kor.12,3)
5. **P✘E** –brørne samlast til årleg Generalkapitel , gjerne i tilknytning til eit KF-arrangement. På Kapitelmessa vert brørne sine løfte fornya. Det vert vist til eige rituale. Regionale kapitel bør haldast jamleg der det ligg til rette for det.
6. **P✘E** vert leia av Fr.Prior og Fr.Scriba. Dei vert valte på Generalkapitel og har ei funksjonstid på 3 år. Prior har som oppgåve: å leie kapitlet, å øve disiplin og rådgjeving for brørne, og å sørgje for kontakt mellom brørne. Brørne gjev ei kort, årleg melding om liv og teneste til Prior. Dei brør som evt. ikkje har høve til å møte på Generalkapitlet tek dette opp med Prior. Scriba er prior sin medhjelpar.
7. Medlem i **P✘E** kan den bli som er døypt og konfirmert, ordinert til prest i Den norske kyrkja og medlem av KF. Nye brør kan opptakast etter framlegg frå nokon av brørne,

etter samstemt val, og ved ei messe knytt til Generalkapitlet. Prior avgjer når ein novise kan avlegge sine lovnader. Det vert vist til eige opptaksrituale.


Teologiske studentar kan få assosiert medlemskap. Det same gjeld prestar som ikkje er medlemar av KF.

8. På **P✠E** sine Generalkapitel bør brørne bere svart kvardagsprestekjole(eller mørk dress) med pilgrimskrossen. Dei som har **P✠E** sin ring ber denne.


9. Det vert oppnemnd visitator for **P✠E** etter framlegg frå Generalkapitlet. Visitator skal helst vere biskop og ikkje vere medlem av **P✠E**. Det vert vist til eigen instruks for visitator.

«Så legg eg dykk på hjarta, brør, ved Guds miskunn, at de må bera fram lekamen dykkar til eit levande og heilag offer som er til hugnad for Gud. Det skal vera dykkar åndelege gudsteneste. » (Rom.12,1)

Krossform:



Skrivemåte:



Pro Ecclesia-ringen